



# Innst. S. nr. 29

(2003-2004)

## Innstilling til Stortinget fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen

St.prp. nr. 79 (2002-2003)

### **Innstilling fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 47/2003 av 16. mai 2003 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2002/65/EF om fjernsal av finansielle tenester til forbrukarar**

Til Stortinget

#### **1. SAMMENDRAG**

##### **1.1 Bakgrunn**

Ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 47/2003 av 16. mai 2003 vart vedlegg IX (finansielle tenester) og vedlegg XIX (forbrukarvern) til EØS-avtala endra ved innlemming av europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/65/EF av 23. september 2002 om fjernsal av finansielle tenester til forbrukarar, og om endring av rådsdirektiv 90/619/EØF og av direktiv 97/7EF og 98/27/EF.

Avgjerda i EØS-komiteen vart teken med atterhald for samtykke frå Stortinget, ettersom gjennomføringa i norsk rett gjer det naudsynt med lovendring, jf. § 26 andre leddet i Grunnlova og artikkel 103 i EØS-avtala. Stortinget vert gjennom denne proposisjonen oppmoda om å gje samtykke til godkjenning av avgjerda i EØS-komiteen.

Avgjerda tek til å gjelde 17. mai 2004.

##### **1.2 Nærmere om direktivet**

Utviklinga på det finansielle området har vore snøgg og omfattande dei siste åra. Stadig nye produkt vert utvikla og bodne fram for forbrukarane. Samstundes er det ei utvikling i retning av at forbrukarane i stadig større grad gjer avtaler om finansielle tenester per telefon eller via Internett.

Direktivet gjeld avtaler om finansielle tenester som vert gjorde ved fjernsal. Fjernsal er marknadsføring som finn stad og avtaler som vert gjorde utelukkande ved bruk av fjernkommunikasjonsmiddel og utan at

avtalepartane møtest fysisk, t.d. når avtala vert gjort per Internett, telefon, brev eller telefaks. Omgrepet "finansielle tenester" femner vidt, og dekkjer mellom anna forsikring og individuelle pensjonsordningar, tradisjonelle banktenester som kontohald, avtaler om betalingskort og betalingsformidling, og dessutan investeringstenester, så som avtaler som er knytte til kjøp av fondsdelar og aksjar. Definisjonen er ikkje uttømmande, slik at han vil fange opp nye produkt som vert utvikla og bodne fram for forbrukarane. Ettersom direktivet dekkjer så ulike tenester, er reglane på ein del punkt tilpassa særpreget ved dei ulike tenestene, slik at ulike reglar vil gjelde alt etter kva slags teneste det er tale om. Avtaler som er knytte til aksjar og andre produkt som svingar i verdi, er til dømes ikkje omfatta av angre retten.

Berre avtaler mellom forbrukarar og næringsdrivande er omfatta, og direktivet gjeld òg i høve til offentlege institusjonar som yter finansielle tenester.

Direktivet utfyller det generelle fjernsaldirektivet 97/7/EF, som er ein del av EØS-avtala (jf. avgjerd i EØS-komiteen nr. 15/98 av 6. mars 1998), og der finansielle tenester var haldne utanfor verkeområdet i påvente av direktivet som no er vedteke.

Hovudføresegnene i direktivet inneheld m.a. reglar om krav til informasjon som skal gjevast forbrukaren før avtala vert gjord, krav om at forbrukaren skal få opplysningar og avtalevilkår skriftleg og innføring av ein rett til å gå frå avtala.

Føresegnene skal gjerast ufråvikelege, dvs. at forbrukaren ikkje skal kunne fråskrive seg dei rettane som reglane gjev.

##### **1.3 Forholdet til norsk rett**

Dei fleste av føresegnene i direktivet inneber full harmonisering. Det vil seie at ein ved gjennomføringa i norsk rett må velje den eller dei løysingane som direktivet fastset. Eitt døme på dette er tidsrommet angre retten skal gjelde, som er 14 dagar for alle tenester bort-

sett frå forsikring. Full harmonisering tyder då at ein ikkje kan gå lenger i forbrukarvern og t.d. innføre tre vekers angrerett. Men når det gjeld informasjonskrava, kan statane halde ved lag strengare krav i påvente av vidare harmonisering.

Lov om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg og salg utanfor fast utsalgssted (angrerettlova), som gjennomfører det generelle fjernsalsdirektivet (97/7/EF), tok til å gjelde 1. mai 2001. Dei to hovudelementa i angrerettlova er informasjonsplikt før og i samband med at det vert gjort avtaler, og angrerett. Finansielle tenester er i avgrensa grad omfatta av lova. Innlemming av direktivet i EØS-avtala vil føre til at det må gjerast endringar i angrerettlova, ved at reglane om opplysningsplikt og angrerett vert tekne inn i lova.

## 2. KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Eirin Faldet, Trond Giske og Torny Pedersen, fra Høyre, Afshan Rafiq, lederen Sonja Irene Sjøli og Olemic Thommessen, fra Fremskrittspartiet, Ulf Erik Knudsen og Karin S. Woldseth, fra Sosialistisk Venstreparti, Magnar Lund Berge og May Hansen, fra Kristelig Folkeparti, Sigmund Kroslid og Ola T. Lånke, og fra Senterpartiet, Eli Sollied Øveraas, er blitt bedt om å gi samtykke til at Norge tar del i EØS-komiteens avgjørelse nr. 47/2003 av 16. mai 2003 om at direktiv 2002/65/EF om fjernsalg av finansielle tjenester til forbrukere innlemmes i EØS-avtalen, og at nødvendige lovendringer foretas. De to hovedelementene i direktivet er informasjonsplikt før og/eller i forbindelse med at det blir gjort avtaler, og angrerett.

Komiteen registrerer at hovedinnholdet i direktivet innebærer full harmonisering innenfor området finansielle tjenester gjort ved fjernsalg, som til vanlig betyr at en ved gjennomføring i norsk rett må velge den eller de løsningene som direktivet fastsetter. Komiteen er likevel enig med departementet i at det er nødvendig med en samlet gjennomgang av lovverket, og viser til proposisjonen hvor det heter:

"Ettersom norsk regelverk inneholdt til dels detaljerte krav om informasjon til forbrukerane i samband med inngåing av avtaler om finansielle tenester, er det ein føremøn at informasjonsføresegnene i direktivet ikkje har karakter av full harmonisering, slik at ein kan halde ved lag dei reglane som gjeld i dag. Men direktivet inneheld òg svært detaljerte informasjonskrav, som då til dels vil kome i tillegg til krav i den gjeldande lovgjevinga. For å unngå at regelverket vert for omfattande og uoversiktleg, vil ein ved gjennomføringa leggje vekt på å få til ein god struktur og samordne regelverket der det er praktisk. Informasjon til brukarane vil òg vere viktig, slik at både forbrukarar og næringsdrivande kan setje seg inn i kva reglar som gjeld for dei ulike situasjonane."

Komiteen legger til grunn at en slik samordning ikke i noe tilfelle skal svekke forbrukernes rettigheter i forhold til dagens regelverk.

Komiteen mener at "finansielle tjenester" er et område som er i stadig utvikling, og at departementet derfor ikke bør legge til grunn en lovtekst som avgrenser mot nye eller eksisterende tjenester som burde vært omfattet av loven, men overlate dette til praksis.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Høyre og Kristelig Folkeparti, viser til at fjernsalg av finansiell rådgivning bør inngå i lovforslaget. Flertallet viser i den anledning til Forbrukerrådets notat av 6. mai 2003 til Barne- og familiedepartementet hvor det heter at "finansiell rådgivning er (...) et område hvor beskyttelseshensynet og behovet for opplysninger fra tjenesteyter er stort", og at "Forbrukerrådet er av den oppfatning at dette bør (...) falle inn under lovens virkeområde".

Komiteens medlemmer fra Høyre og Kristelig Folkeparti mener Regjeringen bør vurdere om og hvordan ulike tjenester og deltjenester innenfor finansiell rådgivning kan inngå i et lovforslag, for å finne løsninger i tråd med direktivet som gir forbrukerne best mulig vern.

Komiteen ber departementet vurdere bestemmelsene lagt inn i angrerettloven, som i dag som hovedregel ikke omfatter fjernsalg av finansielle tjenester. Komiteen viser til at angrerettloven allerede i dag er kompleks og vanskelig å forstå for forbrukere og næringsdrivende. Loven skiller mellom fjernsalg, salg utenfor fast utsalgssted og telefonsalg på flere punkter, og en del varer og tjenester er unntatt loven i sin helhet mens andre kun er unntatt reglene om angrerett.

Komiteen er derfor av den oppfatning at departementet i implementeringen og samordningen også vurderer ulike alternativer, herunder en egen samlet lov som omhandler fjernsalg, inkludert finansielle tjenester.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet vil peke på at norsk rett pr. i dag ikke er i samsvar med direktivets artikkel 8. Disse medlemmer vil peke på at det i finansavtaleloven fastsettes en egenandel på kr 800 i tilfeller hvor forbrukeren ikke er å laste for kortmisbruk. Disse medlemmer ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med lovendringsforslag som i større grad ivaretar forbrukers interesser, basert på innholdet i harmonisering av direktivet på dette området.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen fremme lovendringsforslag vedrørende finansavtalelovens bestemmelse om egenandel på kr 800 i tilfeller hvor kortbrukeren ikke er å laste for kortmisbruk. Lovforslaget må i større grad ivareta forbrukers interesser, basert på innholdet i harmonisering av direktivet på dette området."

Disse medlemmer viser også til at finansavtalelovens krav om egenandel på kr 8 000 ved grov uakt-

somhet neppe kan opprettholdes ved implementering av dette direktivet. Disse medlemmer ber Regjeringen også på dette punkt komme tilbake til Stortinget med lovendringsforslag som i større grad ivaretar forbrukers interesser, basert på harmonisering av direktivet på dette området.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen, når det gjelder finansavtalelovens krav om egenandel på kr 8000 ved grov uaktsomhet, komme tilbake til Stortinget med lovendringsforslag som i større grad ivaretar forbrukers interesser, basert på harmonisering av direktivet på dette området."

### **3. MERKNADER FRA UTENRIKSKOMITEEN**

Komiteens utkast til innstilling har blitt oversendt utenrikskomiteen. Utenrikskomiteen viser i brev av 5. november 2003 til de respektive fraksjonenes merknader i utkant til innstilling, og har for øvrig ingen merknader.

### **4. FORSLAG FRA MINDRETALL**

**Forslag fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet:**

*Forslag 1*

Stortinget ber Regjeringen fremme lovendringsforslag vedrørende finansavtalelovens bestemmelse om

egenandel på kr 800 i tilfeller hvor kortbrukeren ikke er å laste for kortmisbruk. Lovforslaget må i større grad ivareta forbrukers interesser, basert på innholdet i harmonisering av direktivet på dette området.

*Forslag 2*

Stortinget ber Regjeringen, når det gjelder finansavtalelovens krav om egenandel på kr 8000 ved grov uaktsomhet, komme tilbake til Stortinget med lovendringsforslag som i større grad ivaretar forbrukers interesser, basert på harmonisering av direktivet på dette området.

### **5. KOMITEENS TILRÅDING**

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og rå Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

Stortinget gjev samtykke til at Noreg tek del i avgjerda i EØS-komiteen nr. 47/2003 av 16. mai 2003 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2002/65/EF om fjernsal av finansielle tenester til forbrukarar.

Oslo, i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, den 6. november 2003

**Sonja Irene Sjøli**  
leder

**Magnar Lund Bergo**  
ordfører

